



# FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

## Melding om vedtak

Delegert plan- og utbyggingssjefen - saknr.16/486

BYGGMESTER ÅGE RONG

Nordre Øyavegen 162  
5357 FJELL

Dykkar ref.

Vår ref.

2013/1888 - 21711/2016

Saksh.- tlf.

Lise Rein - 55 09 73 54

Dato

08.09.2016

### Løyve til endring på vilkår til oppføring av slakteri på gnr 18/10 -

Algrøyna

Tiltakshavar: Strilalam AS

---

#### Delegert vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, jf. 20-1 og 21-4 vert søknad om endring av løyve for oppføring av slakteri på eigedomen gnr. 18, bnr. 10 godkjent slik det går fram av søknad, vedlagt situasjonskart og teikningar på vilkår. Avkjørsle mot offentleg veg må ikkje vere breiare enn naudsynt.

Løyve omfattar også erklæring om ansvarsrett som oppgjeve under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Det må ikkje utførast arbeid utover det som er omfatta av løyve.

Dette løyvet saman med gjennomføringsplan skal alltid vera tilstades på byggeplassen.

Tiltaket skal utførast i samsvar med dokumentasjonen ovanfor, vilkår satt i delegert vedtak DPU.13/613, og elles på dei vilkår som går fram av saka.

Det vert med dette gjeve løyve til igangsetting av tiltaket.

## Søknaden

Saka gjeld søknad om endring av løyve gjeve i sak DPU.13/613 den 26.08.2013, som gjaldt oppføring av slakteri. Endringa gjeld følgjande: I sør vert det auka areal for sal/lagring. I vest/nord vert det mellomgang til nytt kaldlager. I nord/aust vert det salting av lammekjøtt. På loft over kaldlager vert det tørking av lammekjøttet. Ny ansvarsrett for sanitæranlegg.

Søknad er motteken : 24.06.2016  
Ansvarleg søkjar : Byggmester Åge Rong  
Tiltak : Endring  
BYA : 526 m<sup>2</sup>  
BRA : 557,3 m<sup>2</sup>  
Vatn : Offentleg  
Avløp : Privat  
Tal bustadeiningar : Offentleg  
Eigedom : Gnr. 18, bnr. 10  
Planstatus : Kommuneplanen – LNF-spreidd  
Nabovarsling : Det er ingen merknad i samband med nabovarslinga

Saka vert handsama i medhald av delegert fullmakt frå kommunestyret.

## Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er nabovarsla i samsvar med føresegna i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

## Vurdering:

Plan- og utbyggingssjefen har ikkje merknadar til tiltaket. Dette då avkjørsla til offentleg veg ikkje skal vere breiare enn naudsynt.

## Ansvar og kontroll:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 21-4, 23-3, 23-8 har følgjande føretak erklært ansvar i byggjesaka:

OVERSIKT OVER GODKJENTE ANSVARSRETTAR				GODKJENNING	
	FAGOMRÅDE	TKL.	FIRMANAMN/SJØLVBYGGAR	SENTRAL	LOKAL
PRO	Sanitæranlegg	1	Oswald Jørs AS	x	
UTF	Sanitæranlegg	1	Oswald Jørs AS	x	

## Plassering:

Dette tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart.

Tiltaket skal plasserast i samsvar med vedlagt situasjonskart.

### **Ferdigstilling:**

Når tiltaket er ferdig skal ansvarleg søkjar sjå til at det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest før tiltaket vert teke i bruk. Krav om ferdigattest eller mellombels bruksløyve skal vera vedlagt naudsynt dokumentasjon (jf. SAK 2010 kap. 8):

- ◆ Koordinatar for plassering av tiltaket. Koordinatar skal leverast digitalt i koordinatsystem Euref89 med temakoder i gjeldande SOSI-format
- ◆ Sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall
- ◆ Stadfesting på at sluttdokumentasjon er sendt FjellVAR
- ◆ Oppdatert gjennomføringsplan

### **Endring av løyvet:**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.

Dersom ein ønskjer å endra tiltaket i høve til denne godkjenninga må det søkjast særskilt om dette.

Dersom det vert skifte av tiltakshavar eller ansvarleg søkjar før tiltaket er fullført, skal det straks meldast til kommunen. Det same gjeld ved skifte av eigar, jf. pbl. § 23-2.

### **Gebyr**

Behandlingsgebyr er rekna ut frå lokal forskrift om kommunale gebyr for 2016.

Tiltaket fell under følgjande punkt i forskrifta:

4.8 Reviderte teikningar som krev nytt vedtak: kr 4.301

---

= Totalt gebyr: kr 4.301

---

Faktura vert ettersendt tiltakshavar.

### **Klage:**

De kan klage på vedtaket. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen melding om vedtaket kom fram til vedkomande part. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. forvaltningslova §§ 29 og 30.

Klagen skal stilast til fylkesmannen, men skal sendast til kommunen, jf. forvaltningslova §32. Vis til vedtaket De klagar over, den eller dei endringar De ønskjer, og dei grunnane De vil vise til i klagen. I den grad De er usikker på om klagefristen er overskriden, bør De orientere om kva dato meldinga kom fram.

De har etter forvaltningslova § 18 rett til å gjere deg kjent med dokumenta i saka dersom ikkje anna følger av føresegnene i §§ 18 til 19.

Det vert gjort merksam på at søksmål etter tvistemålslova ikkje kan reisast utan at retten til klage er nytta og klagen er avgjort av klageinstansen, jf forvaltningslova § 27 b. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klagen er sett fram, og det ikkje skuldast forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje ligg føre.

Vi ber om at De ved all kontakt med oss gjev opp saka sitt referansenr: **2013/1888**.

Med helsing

Berit Karin Rystad  
Plan- og utbyggingssjef

Lise Rein  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Strilalam SA Skoge 5357 FJELL